

Kulturminnedag i morgon

07.09.2012

I morgon laurdag er det den europeiske kulturminnedagen og her i Kvinnherad vert dagen skipa til på galeasen Gurine klokka 12 i Rosendal. Tema i år er lokale møteplassar - dei som har vore og dei som fungerer i dag. Kommunen er tilskipar saman med interesselaget for båten-

Knut E.Skåla skal fortelja om prosjektet og den landskjente fartybyggjaren Kristian Djupevåg frå Norheimsund er med. Han vil informera om fartyvern generelt og om restaureringa av Gurine. Det er ope skip og enkel servering.